

2019 Styremøte i Vats grendalag

Dato: 15.10.19	Leiar	Tor Olav Gregersen	
	Nestleiar	Peder Lærdal	
	Sekretær	Monica Nesheim	
	Kasserar	Peder Stokka	
	Styremedlem	Christine Sandvik	
	Styremedlem	Torunn Blikra	
	Varamedlem:	Lars Johan Velde	
		Per Sandvik	
Evt fravær grunna:			
Stad: Vindafjordhallen			
SAK NR.			
01/19	Val av nestleiar		
	Peder Lærdal valgt		

02/19	Framdriftsplan ang. trafikksikring Ref: Grannar artikkel?	
	<p>Peder Stokka sjekker med Kari Lie om kven som er kontaktperson ang. dette i kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål til «Kva er trygg skuleveg» - Peder sjekker om det fins ein definisjon på dette hjå kommunen? Kva er evt kriteriene? - Knaphuskrysset - «kva er status?». No er problemet publisert i Grannar. Kan me nytte andre kanalar for å publisere problematikken? <p>- Gatebelysning: Tor Olav informerer om dei ulike partsstillingane (vegvesenet - ansvarlig, Haugaland Kraft -entreprenør) i samband med oppføring av lysmaster.</p> <p>Tor Olav sjekka kven som skal motta søknaden om gatebelysning langs E134, den skal sendes Vegvesenet.</p> <p>Argументer; hjortetelling - Christine sjekker opp.</p> <p>Me vel å sette av eit ekstraordinært møte til å gå gjennom dokumentasjon og informasjon for kvar me skal sende brev, og korleis me skal forfatte det. Alle les seg opp på dette til neste møte.</p> <p>15.10.19 - Oppdaterer her med at gatebelysning av vegstrekningen Knaphus/ Bedehuset-Aurdal er sett opp til gjennomføring i 2021. Ref Skriv frå vegvesenet.</p>	
03/19	Oppmøte på NVUL sitt årsmøte	
	Skal me stille med representant? Christine og Monica sjekker	
04/19	Kva gjer me med ØVUL?	
	Tor Olav sjekker kva vidare plan for drift er. Kven skal ta tak i midlene som ligg i laget dersom laget er avvikla?	
05/19	Referat frå Vatsvassdraget. Tor Olav stilte som representant frå Grendelaget.	
	Svein Cato informerte om statusen i Vatsvassdraget. Landavatnet har framleis ikkje ei bra klassifisering. Han informerte om ulike tiltak gjort som viser å ha positiv effekt på Landavatnet. Vatsvatnet viser derimot ei betydelig forbedring	
06/19	Busstopp	

	<p>Ang. Flytting av eksisterende busstopp, til aktuelle stoppestader . Tråden tas opp og skal meldes konkret inn til Flydal i kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Monica lagar kart, sendes Hilbjørg Fludal. - Busskur v/Terje Nesheim —> gamle samvirkelaget. v/Reidar Eikjeland (venstra sida etter Aurdal)—> Nils Inge Eikjeland <p>Saka om søknaden til flytting av busstopp ved bedehuset. Dette blir gjennomført no.</p> <p>15.10.19 - Dette er påbegynt, og sendt inn til kommunen. Det er gitt tilbakemelding om at dette er prioritert og at kommunen støtter forslaget.</p>	
07/19	<p>Korleis få Vats å «vise igjen» ?</p> <p>Spelar ballen ut mot bygdafolket, om å gi tilbakemelding og innspel. Me nyttar Vatsposten for innspel.</p> <p>Korleis gjere møte med bygda triveligere?</p> <p>Gjennomgang av innspel på facebook. Mange fine innspel, desse vil me gå gjennom neste styremøte.</p> <p>13.06.19 - tek opp at tråden seinare</p> <p>15.10.19 - Det er komen inn forslag på innlegget på facebook.</p> <p>Me tek med oss forslag om :</p> <ul style="list-style-type: none"> - Planting av blomar i skråningen mellom Knapphus-Aurdal. - Blomsterpotter i lyktestolper. <p>Desse tas med vidare.</p> <p>Ser på muligheter for å arrangere ein dag med planting av løkar/blomsterfrø ol.</p>	
08/19	Blomsterutdeling	
OK	<p>Drøfter korleis dette skal deles ut.</p> <p>Vel at Vindafjordtunet skal få tildelt blomsterprosjektet.</p> <p>Tor Olav vidareformidla dette til Magne Inge Vårvik.</p> <p>Tidelte midlar frå kommunen, som deles ut til bestemte.</p> <p>13.06.19 - Peder S. sjekker opp status på dette.</p> <p>15.10.19 - Mail ang. Dette sendt til Magne Inge Vårvik i dag.</p>	
09/19	Fråflytting	
	<p>Vats har nedadgående statistikk på antal innbyggerar. Kva kan skuldas dette? Kan me gjer noko for å bidra til å snu trenden?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hatteland flytta Display til Aksdal. Då flytta ein del av arbeidarane etter. - Høge husprisar, vanskelig for nyetablerarar. - Tilgjengelighet til butikk og skule. Bygda er spreidd, og ein kan ikkje nytta butikk og skule i gå avstand på same tid. - Rolig generelt i industrien i området, dersom ein ser til aktiviteten også i Ølensvåg 	

10/19	Oppretta bankkonto for grendelaget	
OK	<p>Dette er no i orden. Pengane er overført frå tidligare konto til ny konto. Det gav tap i historikken på kontorøyrsla, det må me be Jone om å skrive ut.</p> <p>13.06.17 - Status på historikken for kontorøyrsla, er i praksis tapt. Me sjekker om det ligg kontoutskrifter i økonomipermen.</p> <p>15.10.19 - Denne er opp å gå!</p>	
11/19	<p>Sikker skuleveg - etter oppmoding om innspel frå kommunen</p> <p>I samråd med Vindafjord kommune, bør me utarbeide søknad om nedsatt fartsgrense, bevisst gjering om mjuke trafikkantar, utbetre belysning kring krysningspunkt og skuleområde, og fartsdumper. Dersom me sender inn søknad til kommunen, vil dei stille seg bak den og videresende søknad til vegvesenet.</p> <p>Benytte Vindafjord kommune sitt reglement for sikker skuleveg.</p> <p>Skulevegen her er «usikker» når det gjeld punkt</p> <p><i>jf dok: reglement for skuleskyss, rev.2016 pkt 5.2:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - 140m sikt til krysningspunkt i 60 sone. (Eidevegen og Kårhusfeltet). - <p>Strekninger definert som farlig skuleveg av kommunen, er fv46 mot Knaphus og mot Sandeid. Årsak; 60 og 80 sona, dårlig belysning, uten gangfelt, rett vegstrekning som innbyr til høg fart, og liten oversikt.</p> <p>ÅDT målinger: 2450 Knaphus-Kårhus, 5100 Knaphus-Ølensvåg, 6080 Ølen-Ølensvåg, 6100 Gjennom Ølen, 2300 Ølen-Sandeid</p> <p>13.06.19 - Sendes Marit Istad. Tor Olav forfattar søknad med nemnde argument.</p> <p>15.10.19 - Forfatta søknad er ikkje sendt enda, slik at me oppdaterer med fleire argument. Legg inn ynskje om at dei sikrar krysninger av vegen, set ned fartsgrensa, set opp skilting som viser til «skuleområde» og oppgradering av belysning langs vegen.</p>	

12/19	<p>Knaphuskrysset</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mjuke trafikkantar - Krysningar - Løysing - Undergang vs. Overgang - Busstopp - Framtidig etablering av gangsti mot Nedre Vats - Ny reguleringsplan på området - Eksisterende brekkjefylgje krav for utbygging av Knaphusgrenda - Nye tellinger gir nytt bilet av belastinga av vegen «Knaphus-Kårhus». Dette kan nyttas som eit nytt innspel til vurderingar av punkt i trafikksikringsplanen. <p>Dronevideo/bilete over kryssningsområde?</p> <p>Me leitar fram antal registrerte ulykker i området?</p> <p>Kva ligg i trafikksikringsplanen til kommunen? Veldig vid og lite spesifisert. Korleis stiller Knaphus seg til situasjonen?</p> <p>Tor Olav kontaktar vegvesenet for innspel til framdrift og råd/diskusjon for korleis ein kan gå fram i vidare arbeid med denne saka. Mogleg å få ein representant frå vegvesenet til å delta i eit møte? Sjekker med Asbjørn Opedal.</p> <p>13.06.19 - Tor Olav har prøvd opp til fleire gonger å få dei til å kome på eit møte med oss, men dei har ikkje gitt tilbakemelding på dette. Dei har difor ikkje deltek på møte med oss. Det blei sjekka om Ole Johan Vierdal kunne stille på eit møte, men det kolliderte med eit anna møte.</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva er ein trafikksikringsplan? Forstår det som ein «intensjonsplan», der alle ynskjer blir lagt inn. Handlingsplanen som høyrer til blir revidert oftare, og er den som fungerer som ein «arbeidsplan». Planen blei sist oppdatert i 2018. - <p>15.10.19 - Me har motteke namn på ein kontaktperson i Vindafjord kommune, for korleis me skal gå vidare fram i denne saka. Det har ikkje blitt teke vidare tak i ettersom det har vore valkamp mm. Noko som antagelig leia til at dette rann ut i sanden. Vel å sende ny søknad, med bakgrunn i opprampa argument. Me korresponderer med Marit Illstad for at søknaden skal havne i «rette hender».</p>
13/19	<p>Aktivitetspark</p> <p>OK Søknad via FAU om oppgradering av uteområdet på Vats skule. Søknad om balansepark er sendt.</p> <p>13.06.19 - FAU-søknaden om uteområdet på Vats skule gjekk gjennom, og dei mottak stønad til prosjektet. Dei tek saka vidare.</p>

14/19	Sykkel/ gangsti Knapphus - Nedre Vats	
	<p>13.06.19 - Tor Olav har snakka med Ole Johan Vierdal. Denne saka står på agendaen/ prioriteringslista hjå kommunen. Framtidsutsikter for denne er usikker, ein gong.</p> <p>Det blei presisert at ein alternativ turveg langs vatnet vil ikkje ha noko påverknad for ein framtidig gang og sykkelveg. Arbeidet med å få til noko slikt burde fortsette.</p> <p>Me vel å ta opp tråden på turvegen til hausten.</p>	
15/19	Gatebelysning langs E134. (Blikrakrossen — Aurdal)	<p>13.06.19 - sender søknad til vegvesenet. Har allereie eit utkast til dette, den treng berre oppdateras med talet på hjortepåkøyrlar for strekninga.</p>

16/19	05.07.19 - Ekstramøte etter brannen av Vindafjordhallen.	
OK	<p>Arken har reist spørsmål om det skal diskuteres eit samarbeid med reising av nytt bygg. Arken saman med «Vindafjordhallen».</p> <p>Me reiser spørsmål til korleis dette skal løyses, bygningsmessig og samarbeidsmessig.</p> <p>Kva kan løysinga bli? «Påbygg» som eige bygg for Arken? Arken som ein del av partslaga?</p> <p>Ein «konferansesal», og ein «konsertsal»?</p> <p>Christine skal snakke med styreleiar i Vindafjordhallen om å kalle inn til møte med partslaga for å drøfte dette.</p> <p>Arken skal ha møte i morgen og diskutere dette. Me avventar å ser kva dei kjem fram til, før me eit kallar inn til møte saman med styre.</p> <p>Eit folkemøte tenkes å sette opp når me får meir svar frå kommunen ang. Framtidsutsikter.</p> <p>05.09.19: Tor Olav har deltek på møte med Arken, for å høre litt om tankar kring samarbeid mellom ny Vindafjordhall og Arken. Har også snakka med André Tjeltveit (styreleiar V.hallen) om å få på plass eit møte med styre og partilaga i Vindafjordhallen for å drøfte dette. Det kom fram at møteinnkallinga som er gått ut manglar fleire i styret i Vindafjordhallen. Me sender ut ny innkalling til dei som ikkje kom med på møteinnkallinga.</p> <p>Grendalaget er i denne samanheng ein nøytral part.</p> <p>Me stiller spørsmål til om det burde blitt satt ned ei «prosjektgruppe» som kan følge prosjektet med å reise ein ny hall. Ei gruppe som ikkje er «reine» partslag.</p> <p>Eit folkemøte tenkes å sette opp når me får meir svar frå kommunen ang. Framtidsutsikter.</p> <p>Tor Olav snakkar med André Tjeltveit (styreleiar V.hallen) for å diskutere løysinga for dette.</p> <p>15.10.19 Styret i Vindafjordhallen tek vidare korrespondanse med kommunen og framdrift av framtidig nytt bygg. Me vel difor å ikkje prioritere noko meir arbeid med dette utan at det blir framlagt.</p>	

	Referat møte mellom alle partslag i Vindafjordhallen og Arken.	
OK	<p>Opnar for dialog om eit evt samarbeid med Arken. Diskusjonen for kvelden er for å få innsikt i kva Arken-prosjektet går ut på, sett i lys av eit mogleg samarbeid. Målet er ikkje at ein skal koma til ei løsing eller fasit i løpet av kvelden, men opne for moglegheit til å sjå på samarbeid. Det opplyses om at kommunen ikkje har noko konkrete svar i forhold til reisinga av nytt bygg. Kommunen avventar svar frå forsikringsselskapet og etterforskinga.</p> <p>Styre i Vindafjordhallen informerer frå møte med kommunalsjef og rådmann: Kommunen stiller seg usikker på å begynne å sondere tankar kring eit samarbeid. Dette med tanke på senarioer i forhold til kva utbetalinga i forsikringsoppgeret blir. Bygning reist akkurat slik den var, utbetaling teke på skjonn, utbetaling av ein fast sum. Kommunen har allereie hatt møter og aktivt dialog med styret i Vindafjordhallen. Dagleg leiar av hallen skal framleis halda si stilling, slik at det er mogleg å gjennomføre møter og ulike avtalar mot eksempelvis forsikringsselskap og avklaringar med kommunen.</p> <p>Refereres til Bjerkreim og ein kommune på austlandet som opplevde at hallen brann. Desse kommunane har teke kontakt og informert om at dei kan bistå med erfaringar dei har gjort i den samanheng.</p> <p>Arken informerer om bakgrunn, og historikk bak Arken: Riksantikvar mm, gjer at det oppsummert må bli ein bestemt avstand til kyrkja på ca.58m. Dette gjer at kyrkja må plasseras med den avstanden slik det er tenkt i dag.</p> <p>Frå 2011: Det nye menighetshuset var oppe for drøfting i grednautvalet. Då kom dei fram til at det ikkje lot seg løyse å få til eit samarbeid. - Styre i Vindafjordhallen var i denne tida positive til menighetshuset. Dei såg på plasseringa av nytt menighetshus i nærleiken av Vindafjordhallen som positivt i forhold til aktivitet.</p> <p>Det blir diskutert litt kring ulike scenarior for samarbeid. Dersom kjøkken og storsal-delen på eit nytt bygg, ligg i den enden av Vindafjordhallen som er nærmast Arken, kan det tenkast eit samarbeid om felles kjøkken og storsal. Det diskuteres om det skulle vere eit bygg med alt under eit tak, eller to separate bygg med ein «gangpassasje» eller liknande i mellom. Eit felles uteareal/parkområde mellom Arken slik den er tenkt plassert og bygd, og nye Vindafjordhallen. Moglegheiter for å kunne halde dei to «adskilt» sett i forhold til økonomi, drift og vedlikehald ved ei seksjonering av bygningen. <i>Det blir også tatt opp muligheten for å knytte saman dei to bygg med eit flott felles uteområde. Her kan ein gjøre mykje ut av utearealet.</i></p> <p>Vidare arbeid om evt samarbeid mellom Arken og Vindafjordhallen, har me ikkje konkludert noko om. Me ser at dei ulike senarioene har ulike utfordringar. Dette med tanke på adskilt økonomi, vedlikehald, forsikringar, stotteordningar</p> <p>Me oppsummerer med at det bør haldas ekstraordinært årsmøte i Vindafjordhallen, slik at det kan settjas eit nytt styre med bakgrunn i dei endra føresetnadane for styret i Vindafjordhallen. Det nye styret blir eit styre som vil jobbe med arbeid kring reising av eit nytt bygg.</p>	
17/19	Fotballmål på banen v/Vats barnehage	
OK	<p>05.09.19 Fotballmål på banen i Øvre Vats barnehagen. Det er komen inn spørsmål til om det kunne kome opp mål på banen v/ barnehagen. Her har det vore to mål tidligare, som no er borte.</p> <p>Me diskuterer kven som kan ha kjennskap til dette.</p> <p>Tor Olav høyrer med Øyvind Nordtveit i SK Vats om han har kjennskap til dette.</p> <p>15.10.19 - Øyvind Nordtveit tek ballen her vidare på vegne av SK-Vats.</p>	
18/19	Turstiprosjektet langs vatnet	
OK	<p>13.06.19 - Sjekker om me har noko ang. Turstiprosjektet av dokumentasjon og forslag. Tek oss ein båttur på Vatsvatnet for å synfare mandag 17.juni (blei avlyst).</p> <p>15.10.19 - Avventer dette inntil videre. Resonerer litt kring møter som har vore mm. Dersom dette skal realiserast gjennom tippemidler, må ein få ein reguleringsplan for turstien inn i kommuneplanen. Dette saman med at ein treng alle grunneigarar med på laget, vel me å leggje dette prosjektet vekk per.no.</p>	

19/19	Årsmøteplanlegging	
	<p>15.10.19 Etter opp årsmøte i gymsalen eller skulekjøkkenet på vats skule. Sjekker opp når det er ledig for å fastsette dato. Christine sjekker opp torsdag veke 49. Klokka 19.00-20.00</p> <p>Valkomiteen: Eirik Nesheim og Lill Eva Dale. Dei som er på val er: Styret: Christine Skrunes Monica Nesheim (står ein periode til) Tor Olav Gregersen (står ein periode til) Torunn Blikra treng ny kandidat for 1 år.</p> <p>Vara: Per Sandvik Lars Johan Velde (blir med videre)</p> <p>Me tek opp gjennomgang av vedtekten på årsmøtet, for evt. revidering. T.d. ang kunngjering om årsmøteinkalling.</p> <p>Valgkomiteen er varsle om at dei må finne ny folk til styret.</p> <p>Christine handlar inn litt knask til møte, og alle tek med ei kanne kaffi. Monica sender ut innkalling to veker før, til vatsnett, facebook, plakat på butikkar.</p>	
20/19	Tursti langs Åmselva	
	<p>Opprusting av tursti frå bruna i Åmsosen og oppover til bruna ved Leif Nesheim. Evt. Forlenge denne oppover til Vatsvatnet.</p> <p>15.10.19 - Tas med videre.</p>	
21/19	E-post til grendelaget	
	<p>15.10.19 - Monica er pålogget og oppdatert.</p>	

Neste møte: Årsmøte, dato settes når lokalet er booka.

Referat sendt til godkjenning av styret
 Bjørn Morten i Vatsnett: bjornm@vatsnett.com
 Ut på facebook
 Postmottak@vindafjord.kommune.no